

Kyrkjjetonar



Dáp

Takk for gåva og hjelpa

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

Markus 10, 13 - 16

Framsidediletet:

Temaet i dette nummeret er dåp.
foto: Janne Irene Eide

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Dette nummeret av Kyrkjetonar markerer eit skilje: For fyrste gong vert bladet trykka i 5000 eksemplar. Det tyder på at Tysvær og Bokn er i jamn auke og at me har mange gode deltidsinnbyggjarar i kommunane våre.

Me prøver å dela ut Kyrkjetonar til dei hyttene som har eigen postkasse, særskild utgåve nummer to og nummer tre kvart år. De som kjem til Tysvær og Bokn for å vera her berre deler av året, er også ein viktig del av kyrkja, og dermed også naturlege lesarar av Kyrkjetonar.

Det er eit stort frivillig arbeid som står bak Kyrkjetonar. Mesteparten av tekstar og bilete er sendt inn av folk som nyttar fritida si på å gjera kvardagen betre for born, unge, vaksne og eldre. Det er imponerende å sjå kor mange som deltek som frivillig, anten det er på eit fast arrangement, veke etter veke, eller som hjelpande hender på t.d. Kyrkjenær sine arrangement.

På årsmøtet til Kyrkjetonar i vår vart dei som tek hand om distribusjonen takka særskild. Eit stort nettverk av frivillige som leverer bladet i postkassen til kvart einaste hus og hytte. Saman med dei som betaler den frivillige kontingenten, som ligg vedlagt dette bladet, er de med å sikra drifta av Kyrkjetonar.

Så mykje pengar får me på gåvene, og sparer med på distribusjon at styret ikkje lenger treng økonomiske overføringar frå sokneråda. Kyrkjetonar vil framleis få kollekt frå dei fleste kyrkjene, men sokneråda kan i tida framover bruka meir av pengene på arbeid i soknet, istadenfor å støtta drifta av bladet.


På denne måten er dei mange som betaler kontingenten eller går sin runde for å levera Kyrkjetonar med på å styrka økonomien i mellom anna sokna sitt arbeid for barn og unge.

Takk for pengegåver og hjelp.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 31. mai

redaktørens hjørne



Kveldsmat og såpebobler

tekst: Greta S. Elverhaug/ foto: Elverhaug og Meike Baumgart

Nok eit semester er over og me kan snart ta sommarferie. Minisong og KOS har hatt øvingar gjennom heile hausten, vinteren og våren. Minisong er barnekoret som øver i Aksdal kyrkje anna kvar onsdag.

KOS er småbarnssong for dei minste i alderen 1 - 4 år. Det er trygt og godt å ha med mamma, pappa, bestemor eller bestefar. På samlingane er både dei vaksne og ungane med og syng "Lille Petter edderkopp", "Om jeg er liten eller stor", rim og regler, nokre kjente og andre litt meir ukjente. Kanskje er høgdepunktet når såpeboblene dalar over hovuda til dei små. Samlinga blir alltid avslutta med "Må Gud velsigna deg".



Ein gong i månaden har me kveldsmat i lag. På torget i kyrkja blir det dekkja bord med plass til mange. Foreldre til barna i koret er med og gjer klart. Nokre har smurt på brødsriver og rundstykke som dei har tatt med, andre kokar kaffi og set fram juice og mjølk. Etterpå er det nokre som ryddar og vaskar opp. Rundt 70-80 små og store har vore samla til fellesmåltid.

Me har og hatt samarbeid med søndagsskolen. I vinter inviterte me til Sprell levande samling i kyrkje-rommet. Gjennom heile året har me hatt god hjelp av konfirmentar som har tatt seg av registrering, rigging, rydding og anna.

Minisong har Ola C. Bårdsen som dirigent og pianist. Tiril Grødem Baksaas og Ingeborg G. Åsland er også dirigentar og korleiarar. Marianne Tjoland har og vore med i styret i fleire år og tatt seg av ulike praktiske oppgåver. KOS blir leia av Greta S. Elverhaug, som er menighetspedagog. Kjersti Førre Halsne og Meike Baumgart har vore gode medhjelparar på KOS.

Til hausten er det oppstart igjen med nytt semester. I Aksdal kyrkje er det songtilbod for barn og unge i ulike aldrar. Følg med på heimesida vår for dag og tid på www.tysvaerkirken.no og Facebook Aksdal kyrkje. Me legg ut informasjon når haustsemesteret er i gong.

Du kan også ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 52 75 77 12 for meir informasjon.

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Arne Aurdal
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol
mobiltelefon: 982 42 073

Sokneprest Einar Andreassen
Mobiltelefon: 971 08 788

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre
mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær
Leiar Kyrkjenær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Medarbeidarar:
Nedstrand: Janne Eide
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar
Johannes Støle, mob: 456 00 925
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088
Bergfrid Seibt, Tysvær kyrkje
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje
Tysvær kommune: Eva Birkeland
Mobiltelefon: 950 51 038
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668

Kyrkjetonarar
Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 404 11 889
Førresfjorden sokn:
Kenneth Hammarqvist mobil 474 54 748 og
Merete Hallelund Maudal mobil 959 61 359
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 934 15 403

Ein grunnmur på skjelvande fjell

av Ståle Hustoft

Då Jesus kom til bygdene ved Cæsarea Filippi, spurde han læresveinane sine: «Kven seier folk at Menneskesonen er?» Dei svara: «Somme seier døyparen Johannes, andre Elia og atter andre Jeremia eller ein annan av profetane.» «Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?» Då svara Simon Peter: «Du er Messias, den levande Guds Son.» Jesus tok til orde og sa: «Sæl er du, Simon, son til Jona. For dette har ikkje kjøt og blod openberra for deg, men Far min i himmelen. Og det seier eg deg: Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne. Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.» Så forbaud han læresveinane strengt å seia til nokon at han var Messias.

Matteus 16, 13-8

Jesus nytta fleire gonger husbygging som bilete når han ville forklara Gods rike og Guds kyrkje. Me les om både grunnvollar og hjørnestein. Byggematerialer kan ha svært ulike eigenskaper. Me kjenner tre, fjøler og plank, som solide byggematerialer. Skogane er fulle av solid byggemateriale. Men eit tre kan også bli til papir, drivstoff og det mjukaste klesplagg. Nøkkelen er korleis plantefiber vert tatt ifrå kvarandre og sett saman igjen.

Læresveinen Tomas vart kjend som "tvilaren" medan me kjenner Peter som ein som har mykje av alt. Me les at han held seg nær til Jesus og bekjenner at Han er "Messias, den levande Guds son." Men fallhøgda er også stor, og ved bålet, medan Jesus er ført inn til øvstepresten Kaifas, nektar Peter for at han kjenner Jesus.

Jesus visste at dette kom til å skje. Han visste at Peter kom til å svikta tre gonger før hanen gol. Likevel seier Jesus: "Sæl er du, Simon Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje."

Peter tyder klippe/fjell eller fast grunn. Me veit at eit hus som vert bygd på fast grunn det står i den hardaste storm. Kvifor gav då Jesus dette solide navnet til Simon, og kvifor valde Han ein vinglete Peter som grunnstein for den kristne kyrkja?

Gud, universet sin skapar, kan til og med bruka ein skjelvande Peter, deg og meg som grunnstein og byggstein i si kyrkje. Han veit at det er korleis Han set eigen-skapane våre saman som bestemmer kva me kan brukast til.

For ein kristen, der trua er ein naturleg del av tvilen, er det godt å vita at Gud kan bruka nettopp meg og deg. Det finnes ein plan og ein plass for oss som ikkje har fullkomne liv og ei fullkomen tru.

Det er ein del av Jesu frelsesplan at me som ikkje alltid tør å fortelja om trua vår, ja til og med nektar for at me kjenner Han, får verta forma i Skaparen sine hender og brukt som byggstein i hans kyrkje.

Har du "mistet" noe?

av Kjersti Hjelmervik Lofthus/Grønn hverdag/illustrasjon: Svein Nyhus

I så fall bør du klippe ut denne listen over nedbrytingstid for ulike materialer i sjøvann. Behold den som en påminnelse om at du ikke "mister" søppel i sjøen eller naturen:



Papir, 2-4 uker
Papp, Opptil 5 mnd
Melkekartonger, 5 år
Bomullsfiller, 1-5 år
Aluminiumsbokser, 80-100 år
Blikkbokser, 50 år
Plastringer fra 6-packs: mer enn 450 år
Plastposer, 10-20 år
Plastbokser, 50-80 år
Isopor, 1000 år
Sigarettneiper, 1-5 år
Glassflasker, 1 mill år
Plastflasker, uendelig

Husk at en plastpose, et tau eller et fiskegarn i propellen kan stoppe en båtmotor og sette menneskeliv i fare (Kilde kystverket)

Som grønne menigheter oppfordrer vi alle til å ta med ALT søppel hjem, og ikke legge det igjen i naturen eller kaste det i sjøen! Ellers håper vi at dere får mange gode opplevelser i det grønne og på sjøen i sommer.



Bilde til venstre: Sykkveld i kyrkjeforeningen. Fra venstre Venke Sundfør, Magny Erdal, Anne Wee Førre, Grete Kallevik og Astrid Fjeldheim. Bak Anne Susort. Øverst til høyre: Flott sang av Vårin og Miriam Susort Toskedal på basaren. Nede til høyre: God mat må til på basar. Her er Gerd Nedrebø og Aslaug Irene Skjold i fullsving på kjøkkenet.



Flittige damer i Aksdal

av Asbjørn Erdal

Aksdal kyrkjeforening solgte lodd for 63000 kr under basaren i april.

10 damer møtes en gang i måneden for å strikke, sy, applikere, brodere og ikke minst prate. – Tingene vi lager lodder vi ut annethvert år. I vår var det kjempemange gevinster for i tillegg til alt det vi har laget, kommer slekt og venner også med fine ting til utlodningen, sier Venke Sundfør som er kasserer og ivrig medlem av foreningen. – Og når alle i kyrkjeforeningen bidro med 3 fruktkurver hver, så ble det også 30 slike på utlodningen!

I årene som er gått siden Aksdal kyrkje ble bygget, har kyrkjeforeningen bidratt med penger til mange prosjekter. –Vi ønsker først og fremst å støtte ungdomsarbeidet, sier Venke.

Og pengene kommer godt med i menighetsarbeidet. –Vi har bidratt til oppussing av ungdomslokalene i kjelleren, nye møbler der, dekketøy, osv. Men vi bidro også til å kjøpe inn de flotte, vevde teppene av Else Marie Jakobsen som henger i kirkerommet, forteller Venke.



På årets basar var det fullt hus av unge og eldre; ja hele 4 generasjoner hadde tatt plass rundt et bord. Helge Gaard var tilbake på gamle tomter, og holdt en fin andakt over påskens tema. Det ble informert om at kyrkjeforeningen ønsker at årets inntekter skal gå til nye brudestoler. –Da blir det enda kjekkere og mer stas å gifte seg i Aksdal kyrkje, sier Venke.

Kontaktperson for foreningen, er Wenche Veivåg Tveit. –Det er god plass til flere i foreningen, og om de ikke er så flinke i håndarbeid, så trengs det folk til kaffekoking og til festing av tråder. Alle er velkomne, sier både Venke og Wenche.

Bilde t.v.: Ivrigte loddkjøpere på basaren.



Diakonidag på Bokn

Dufta av nysteikte lappar, vaflar og nykøkt kaffi møtte dei som kom til Allrommet på Boknatun. Ute skein sola, himmelen var blå og det var nydeleg på Bokn; som det så ofte er.

Torsdag 12.mai rett etter skuletid, var 3. og 4.klasse på Bokn inviterte til å bli med på samling i regi av Kyrkjenær. Dei fekk lære om diakoni og nestekjærleik. Borna fekk høyre om den miskunnsame samaritan og dei fekk bruke hendene til fine formingsaktivitetar. Dei fekk vere med og steike lappar, vaflar, dekke bord til mange og pynte fint med blomar.

Då borna var klare og hadde fått luft seg litt, kom pensjonistar og andre til kafe`samling. 3.- og 4.klassingane dramatiserte "Den miskunnsame samaritan", me song i lag og kosa oss med den gode maten som var laga til. Liv Vatnaland fortalde frå då ho var ei lita jente og Leiv Våga viste bilete og fortalde frå då han var ung. Ungane i 3. og 4.klasse var nøgde då dei gjekk heim. Det same var dei vaksne som hadde vore i lag med borna denne fine ettermiddagen i mai.



Babysong i Aksdal kyrkje og på Tysvær Soknehus

Mor og/eller far er velkommen til ei songstund saman med born i alderen 0 - 12. mnd.

Songstunda byrjar kl. 10.00 og varer i 30 - 40 minutt og etterpå er det god tid til mat, prat og kos. Ta med matpakke, vi har kaffe og te.

Datoar i Aksdal kyrkje

14. september
21. september
28. september
5. oktober
19. oktober
26. oktober
2. november

Datoar på Tysvær Soknehus

15.september
22.september
29.september
6.oktober
20.oktober
27.oktober
3.november

Glimt frå:

Dåpsskule på Bokn



Bilete øverst t.v: "Dåp" av dokka Kristian. **Midten oppe:** Veslemøy Våga og Lovise Røsdal Lund.

Øverst t.h: Kveldsbøn-bilete som dåpsskuledeltakarane har laga.

Nede til venstre: Borna på dåpsskolen lagar invitasjon til gudstenesten. Medhjelpar Liv Vatnaland (til høgre).

Midten nede: Ungar på Dåpsskulen i kyrkja på Bokn

Bli kjent-kveld på K/M-klubben i Tysværåvåg

Nærmare 50 ungdommar kom på idrettskveld i Tysværåvåg 16.april. 22 av desse var 7.klassingar som var særskild inviterte som ein del av Kyrkjenærarbeidet.

I gymsalen hadde Marit Sofie andakt om vennskap/felleskap med samarbeidsoppgåver, før ungdommane sette i gong med idrettsaktivitetar. Etterpå gjekk alle til Soknehuset der dei kunne få hamburger og kjøpa andre godsaker. Sosiale aktivitetar som biljard, airhockey og singstar var på menyen resten av kvelden.





5.klassingar på leir

5.klasse i Nedstrand sokn har i mange år reist på leir til Brandøy for å lære meir om Bibelen dei har fått. Førresfjorden sokn pleier å reise på leir på Stemnestaden.

I år samla me kreftene og laga leir saman på Stemnestaden 15. - 17.april. Det vart ei fin helg for både born og leiarar. Me hadde med oss flinke ungdomsleiarar og foreldre kom for å sitte nattevakt og hjelpe til med aktiviteter på lørdagen og transport til kyrkja på søndag. Veret var godt. Maten var god. Deltakarane fekk både padle og klatre og bruke det kjekke uteområdet på Stemnestaden. Inne hadde me leirsamlingar med undervisning, oppgåver og aktiviteter med Bibelen som tema, og leirkveldar med tull og tøys og mykje latter.

Leiren vart avslutta med gudsteneste i Aksdal kyrkje der 5.klassingane frå Førresfjorden fekk Bibel og alle



leirdeltakarane var med i Bibelpantomime, song, lesing og andre oppgåver. Deltakarane frå Nedstrand og Skjoldastraumen hadde fått Bibelen sin i januar. Gudstenesta hadde me førebudd saman med presten, Bård Egil, og organisten, Johannes, dagen i førevegen.

Kva som var det kjekkaste med leiren? Det vil det nok vere ulike svar på. Men det

er sikkert og visst at det er mykje rart som hender på leir, og at det er fint å vere saman, både med born, ungdommar og vaksne, og bli litt kjent og varme i trøya gjennom ei heil helg. Det beste er å få kjenne at Jesus er saman med oss. For der to eller tre er samla i Hans namn, der er Han midt i blant oss. Det har Han lova og det løftet held Han.

Så håpar me berre at biblane vert flittig brukt av 5.klassingane. Bibelen er full av skattar!



Foto, øving og chips

Konfirmantane i Tysvær sokn hadde ein allsidig dag onsdag 4.mai. Då skulen var slutt kl 12.30, gjekk konfirmantane opp til Tysvær kyrkje.

Der var fotografen på plass og tok tradisjonelt gruppebilete av dei 32 ungdommane. Sola skinte, så det blei ein deilig pause på kyrkjetrappa med servering av brus og chips før øving til gudstenesta om kvelden.

Klokka 19.00 var det «Ung Messe» der konfirmantane var involvert i heile programmet.

Kvelden blei avslutta med konfirmantfest saman med foreldre og føresette på Tysvær Soknehus.



Glimt frå:

Konfirmasjon 2016



Bilete oppe t.v: Konfirmantane på Bokn vart møtt av både fotografar og vind på kyrkjebakken. foto: Jan Magne Moi
Bilete over og til venstre: Frå konfirmasjonsgudsteneste i Tysvær kyrkje. foto: Kristian Jørgensen

Informasjon om påmelding til konfirmasjon 2017 finn du på side 16.



Padling, bål og bibel

av Kørner Høie

Det er ikke alltid lett for en femteklassing å få med alt han ønsker. Iallfall ikke når en bor på Førland. Men midt i mai var barna på Yngres fra Førland samlet til semesteravslutning, denne kvelden med utflukt til Stemnestaden.

Og kvelden gikk fort! Her er nok å finne på. Mens noen padlet på fjorden, ville andre prøve seg i elva. Og det var ikke så enkelt når et tre hadde veltet og lå på tvers. Det er forklaringen på at noen kom litt våte



og kalde hjem den torsdagen. Men bål og varme hamburgere var kjærkomment etter padlingen. En annen aktivitet som mange likte var frisbeegolfen. Tallerkener av plast som skal kastes og treffe oppsatte koger. Og her kan selv den beste være uheldig. Eller han som pleier tape overrasker med en seier. Det ble i alle fall en kjekk kveld.

Det er jenter og gutter fra 4.-8.klasse som kommer. En av lederne, Anne Britt Riise, ble takket av som frivillig leder etter sju år. Og fast innslag på Yngres er jo kveldens andakt og denne gangen invitasjon til sommerleir.

Ønsker du samtale?

av Kjersti Hjelmervik Lofthus

Kirka i Tysvær har et samarbeid med helse- og omsorgstjenesten i Tysvær kommune.

Ifølge rundskriv 6/2009 fra Helse- og omsorgsdepartementet har den kommunale helse- og omsorgstjeneste ansvar for å sikre tilrettelegging av et omsorgstilbud der også kulturelle og åndelige behov blir ivaretatt i samsvar med den enkelte ønske, bakgrunn og tilhørighet.

Diakon og prester har regelmessig samtaletid på Akسدaltunet og Tysværtunet, og kommer selvsagt også gjerne til Nedstrandtunet. Vi tilbyr også hjemmebesøk til de som ønsker det.

Diakon og prester i Den norske kirke i Tysvær kan kontaktes for samtaler om eksistensielle og åndelige spørsmål enten du tilhører kirken eller ikke.

Vi ønsker at du skal få samtale med noen om det som er viktig for deg. Gjerne om det du opplever utfordrende eller vanskelig i livet. Ønsker du regelmessig besøk fra en frivillig i menigheten, vil vi også prøve å få til det.

Personer som ikke mottar helsetjenester i kommunen kan selvsagt også gjerne ta kontakt dersom de ønsker samtale.



Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk.

Matteus 28, 19-20a

Dåp. Kva blir det sagt ja til?

av kirken.no/red.

Dåp i kyrkja. Den vesle i lang, kvit kjole blir boren opp framfor kyrkjelyden. Familie og fadrar er til stades i benkeradene. Kvifor velje dåp for den vesle? Kvifor invitere til feiring av babyen – og samle slekt og venner?

Dåpen er ein tradisjon for mange, og ved å velje dåp gjer ein eit val om å vere ein del av ei høgtid som menneske gjennom generasjonar har teke del i. Med dåpen blir det sett ei verdig ramme rundt ei viktig hending.

Dåpen er byrjinga på eit livslangt fellesskap med Gud – og med kristne over heile verda. Små barn vel ikkje anna enn det foreldra vel for dei – anten det eine eller det andre –, og for å oppleve kva tru er, treng dei hjelp. Etter kvart som barnet veks, må trua få mognast i takt med barnet. Det er byrjinga på dette livsvalet det blir lagt til rette for når liten og stor blir pynta for ein festdag med startskot i kyrkjerommet. Men kva seier vi egentleg ja til i dåpen? Kva handlar det heile om?

Eit felles ja

Dåpen er Guds gåve. Det er ei ja-handling. Og først og fremst er det Gud som seier ja. Heilt frå første dag har Gud sagt ja til barnet. Gud elsker alle, alltid og utan atterhald. Og foreldre og fadrar seier ja. Ved døypefonten svarar de ja til at den vesle skal høyre til kyrkja og vekse opp med den kristne trua. De seier ja til å lære barnet om trua og kva trua har å seie for livet. Men dette står de ikkje åleine om. For kyrkja seier òg ja. Når barnet blir døypt, blir det medlem i Den norske kyrkja og ein del av fellesskapet i kyrkjelyden der de bur. Barnet vil jamleg få tilbod om å lære meir om kyrkja og trua, tilpassa alderen. Kyrkja seier ja til å inkludere barnet dykkar i trygge og gode aktivitetar der det blir kjent med Gud, seg sjølv og andre. Gjennom dåpen blir vi alle ein del av eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda og gjennom alle tider. Det er ein augneblink som varer lenge.

Når barnet ikkje lenger er bitte lite

Det er ikkje alle som har overskot eller rekk å døype barnet medan det er så lite at det passar inn i ein tradisjonell dåpskjole. Men det er ingen regel for kor lite eit barn må vere for å bli døypt. Barn i alle aldrar, ungdommar og vaksne er alltid velkomne til dåp. Dåp gir medlemskap i Den norske kyrkja.

Bestilling av dåp

I Tysvær og Bokn kan ein sjølvje melda inn når ein ynskjer å døypa barnet. På kyrkja sine nettsider finn du tilgjengelege gudstenester for dåp og kan leggja all naudsynt informasjon om barnet, foreldre og fadderar. Ein kan sjølvsaft også ta kontakt med kyrkjekontoret ved oppmøte eller telefon.



Dåpssamtalen

av Ståle Hustoft/Arne Aurdal

Når dåpen er bestilt tar kirken eller presten kontakt for å avtale en dåpssamtale. Den presten som har lengst fartstid i Tysvær og Bokn er Arne Aurdal. Han har besøkt flere hundre hjem og familier for å ha dåpssamtale.

Møter familien på hjemmebane

“Jeg har satt pris på å komme rundt og møte foreldrene på hjemmebane. Der opplever jeg at de føler seg tryggest og kan ha en avslappet samtale med meg som prest. Det er selvsagt begrenset hva en kan få ut av et treff på under en time, men likevel opplever jeg at vi er blitt litt kjent og når vi igjen møtes ved døpefonten så gir vår lille samtale på forhånd trygghet og gjensidig opplevelse at vi har noe sammen,” fortel Arne Aurdal. “Samtalen i hjemmet gir og meg mulighet til å si litt om hva som er innholdet i dåpen. At de ut fra troen blir Guds barn der ved døpefonten og får et tilholdssted, et hjem i vår kirke. Et hjem de alltid kan komme til i gode og vonde dager.- Samtalen gir og mulighet til å fortelle litt om dåpsopplæringsplanen vår: Kyrkjenær. Om alle tilbudene vi har og ikke minst Babysong, som vi tilbyr foreldrene i hele vårt område.”

Aurdal håper at møtet kan gi foreldrene forståelse av at Kirken ser på dem som kirkens viktigste samarbeidspartner i trosformidlingen til barna. “Det er selvsagt de som f.eks. må lære barna å be aftenbønn og også formidle noen av de første bibelfortellingene til barna ved hjelp av barnebibler og annet materiell vi gir til hjemmet. Og det er de som de første leveårene må ta med barna på ulike arrangement som vi stiller i stand.”

Fellesskapet i kirken

“Dåpssamtalen bygger en relasjon mellom kirken ved presten og dåpsfamilien. Det er viktig å bygge gode relasjoner. Fellesskapet i kirken er ikke bare samling om Ord og Sakrament, men og mellom mennesker. Skal de som døper få et personlig forhold til kirken og Jesus Kristus er det viktig at vi som arbeider i menighetene får møte menneskene som søker våre tjenester ansikt til ansikt.”

Dåpssamtalene har på sett og vis vært et av høydepunktene i min tjeneste, avslutter Arne Aurdal.

Dåp er å kveikja lys

av Einar Andreassen

Ei av mange oppgåver som prest er å arbeida med dåp. Denne våren har det vore samtalar med foreldra til små nyfødde born, konfirmantar, ei ung jente og ein halvstor gut. Tema har vore dåp.

Ein sentral tekst knytt til dåpen er henta frå 2.Tim 3,16-17. Kyrkjelydane der eg jobbar har som tradisjon å dela ut lys ved dåpen. Dette lyset har 12 symbol, og tanken er at foreldra, konfirmantlæraren og/eller presten skal peika på desse sentrale symbola i kyrkja vår. Symbola seier noko om vår oppfatning av læra og trua vår. Mykje av dette peikar på Jesus og hans relasjon til oss som Guds born. I Johannesevangeliet kapittel 8, vers 12 seier Jesus: Eg er lyset for verda.

Dåpslyset vert tent når borna er døypte. Symbolsk betyr dette at Jesus skal vera med gjennom heile livet og at dåpslyset skal inspirera til å lære nye ting for kvart år. Lærdommen treng vi som kristne og som Kristus-etterfylgjarar.

Ta deg tid til å sjå på symbola, tekstane og kommentarane. Ta deg og tid til å takka for gåva du fekk i dåpen og ikkje minst send ei takkebøn for alle dei som ynskjer dåp som trusretning og intensjon for livet. Bøna vil vera som å kveikja eit lys i ditt nærmiljø.

Døypefonten:

Lyset blir tent fyrste gong ved barnets dåp. Dåpsbarnet blir Guds barn i dåpen.

Vintreet:

Jesus seier: Eg er vintreet, de er greinene. (Joh. 15.5)

Korset:

Jesus døydde på korset for menneska si skuld. Difor kan vi vera Guds barn.

Bibelen:

Bibelen er Guds ord til menneska. Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som kjem frå Guds munn. (Matt 4.4)

Lyset:

Jesus seier: Eg er lyset for verda. (joh. 8.12)

Den opne døra:

Den opne døra fortel oss at vi alltid er velkomne attende til Jesus.

Kyrkja:

I kyrkja kan born, unge og gamle vera saman og saman med Jesus.

Engelen:

Engelen er eit bilete på at Gud alltid vaktar oss. Vi seier ofte at han sender englevakt.

Bedande hender:

Bøn er å snakka med Gud. Vi kan snakka med Gud om alle ting.

Brødet:

Brødet vi får i nattverden er Jesu lekam.

Kalken:

Vinen i nattverden er Jesu blod. Gjennom brødet og vinen får vi fellesskap med Jesus.

Den heilage ande:

Jesus lova oss at vi ikkje skulle vera att her på jorda som foreldreause born.

Faddergåve

Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Å vere fadder for eit barn er ei oppgåve som ikkje vert avslutta når dåpshandlinga er over, for mange betyr det livsvarige band. Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Det meiner Anne Line Tufteland Kroken, prest i St. Jacob kyrkjelyd i Bergen. Ho er fadder til Peder (1 år), og då han vart døypt våren 2015 var medlemskap i Tripp Trapp-klubben gåva frå henne.

Lettar relasjonsbygginga

“Dåpsklubben bidreg positivt i fadderrolla ved at den gir informasjon og opplæring om den kristne trua gjennom Peders barne- og ungdomstid. Det er lettare å drive trusopplæring viss ein har materiale og informasjon å vise til. Det gjer det også lettare å bygge relasjon mellom meg og han fordi vi har bøker vi kan lese i lag,” fortel Anne Line. Dåpsklubben sender ut 3 pakkar i året med bøker og anna materiell. Kroken fortel vidare: “Dåpsklubben gjer det lettare å utføre det oppdraget som eg har lova å gjere. IKO har mange fine måtar å synleggjere budskapet på og gjennom materialet i Dåpsklubben blir det meir levande. Hadde eg berre hatt Bibelen å vise til, ville det ha vore vanskelegare.”

Viktig med kunnskap om religion

Dåpsklubben Tripp Trapp gir ut materiell som fortel om ulike deler av samfunnet. Eitt døme er den kritikkroste boka “Akim løper.” Boka handlar om barn på flukt og er veldig samfunnsaktuell i den flyktningssituasjonen vi står i no. “Det er viktig for eit barn å få vite noko om det samfunnet og den religionen ein er ein del av. Det å få kunnskap om den kristne trua gir kunnskap om religion, og når ein er kjend med omgrep knytt til eins eiga tru er det lettare å vere i dialog med andre religionar,” seier Kroken.

Iko kvalitetssikrar gåva

I IKO-Forlaget er det fleire som jobbar med utveljing av bøkene og materialet barna mottar gjennom Dåpsklubben, og nettopp dette trekker Kroken fram



som ein av dei viktigaste grunnane til at ho valde eit medlemskap for sitt fadderbarn: “Eg slepp å ta jobben med å kvalitetssikre gåva fordi eg veit at IKO gjer ein grundig jobb og har ein god teologi, derfor er eg trygg når eg hjelper foreldra med trusopplæringa for Peder,” fortel Kroken.

Fint at ting går av seg sjølv

Som avslutning spør eg korleis det påverkar henne i kvardagen og då ler ho medan ho forklarar: “Det beste er nesten at det går av seg sjølv. Fadderbarnet mitt får kontinuerleg gode gåver, eg stressar ikkje med handling og det er gåver som gir større mening. Til dømes seier badeboka “Arken” noko om at Gud tar vare på barn, og det er nettopp det eg vil at Peder skal vite.”

www.tripptrapp-klubben.no

DÅPSKLUBBEN
TRIPP TRAPP



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus er den gode gjetaren!




Kryssord

1. ○ ○ ○ ○ ○ Mann i 2.Timoteus 4,11
- By i Lukas 19,28
2. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○
- By i Apostelgjerningane 10,1
3. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○
4. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Fuglar i Lukas 12,6
5. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Kvinne i Markus 15,40
6. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Fugl i Matteus 3,16
7. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Konge i Romane 4,6
8. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Yrke i Apostelgjerningane 18,3

Lei sauane gjennom labyrinten!

Hjelp den gode gjetaren å leie sauane sine trygt gjennom labyrinten.



➔ I agent-kryssorda skal de berre bruke Det nye testamentet. Store tal i Bibelen er kapittel, og små tal er vers. Markus 2,11 tyder altså kapittel 2, vers 11 i Markus. Løysinga på kryssordet står i dei farga rutene.

Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Personalnytt

av Eva Birkeland

Bergfrid Seibt tok til i stillinga som kantor i Tysvær kyrkje 1.januar i år. Frå 1.august vil ho og vera fast kantor i Bokn. Bergfrid har lang fartstid som kantor der ho i tillegg til gudstenester og kyrkjelege handlingar har hatt babysong og andre oppgåver inn i trusopplæringa. Ho har og hatt ein periode som kyrkjevevje. Me ønskjer ho velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.

Barbara Stølsvik slutta i stillinga si i januar 2016. Ho byrja i stillinga som kyrkjetenar og reinhaldar for femten år sidan. Etter travle år med arbeid både i kyrkja og barnehage takka ho av i kyrkja. Me takkar ho for innsatsen i den tenesta ho har hatt hos oss, og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste vidare

Møteuke i Aksdal kyrkje

Velkommen til evangelisk møteuke

Tirsdag 30. aug. - søndag 4.sept. (ikke lørdag)

Møtetid kl. 19.00 (bønn 18.30)

Søndag kl. 18.00 (bønn 17.30).

Evangelist Klaus Muff taler på alle møtene.

Sang og musikk: Aksjonskoret, KM-karane fra Etne, Loftsmusikken fra Åkra og Sunnhordlandsmusikken. Husk møtene i bønn!

Hjertelig velkommen fra hele området!



OPEN PORT

i midtsommerfest

KUNST & KAFFI

Galleriet på Nedstrand Prestegard

- LØR. 18. JUNI 14-18
- SØN. 19. JUNI 14-18
- ONS. 22. JUNI 16-18
- LØR. 25. JUNI 14-17

Gjestekunstnar

LITOGRAFI **REIDUN GYTRI**
KERAMIKK **LONE WORUM**

Afrikansk kunst & handverk

Vin'Art kunstnarane i Kamerun er på ulike vis ein ressurs i kyrkje og samfunn. Få meir info ved besøk.

VELKOMMEN

Fairtrade-kaffi kan nytest i hagen!
Lyst å komme utanom opningstid?
Ring meg - Janne Eide 47 23 03 58



Konfirmant 2017

Konfirmanttida i kyrkja gir deg høve til å finna ut av viktige spørsmål. Det går an å snakka om tru og tvil saman med andre, og læra meir om deg sjølv og Gud.

I konfirmanttida kan du:

- Finna ut kva du trur på
- Bli betre kjend med deg sjølv
- Læra meir om Bibelen
- Få nye tankar om livet
- Utfalda deg kreativt
- Opplerva eit godt fellesskap
- Engasjera deg i kyrkja sitt arbeid for miljø og solidaritet

Tilrettelegging:

Alle har rett til ei god konfirmasjonstid - uansett funksjonsevne. Viss det er behov for individuell tilrettelegging, ta kontakt med dei som jobbar i kyrkja di. Kunnskap og kjennskap skapar forståing, og gjer det mogleg for alle å få eit år med godt utbytte.

Påmelding:

Det blir konfirmasjonsopplæring i alle kyrkjelydane i Tysvær og Bokn. Påmeldinga er i mai/juni, og nærmare informasjon om dette kjem direkte frå di lokale kyrkje. Meir informasjon og påmelding finn du på www.tysvaerkirken.no

Har du spørsmål, kan du ringe telefon 52 75 77 00. Velkommen til eit nytt konfirmantår!

tekst: Marit Sofie Teistedal Vikre
foto: Kristian Jørgensen

Gjennom livet

Døypte

Førre kyrkje

- 21.02 Kaia Kirketeig Utbjoa (Sauda kirke)
- 28.02 Sofia Nådland (Skjold kyrkje)
- 20.03 Emrik Slathia Emilie Haukås Karita Tysse Søvik Hanna Risanger Mali Stakland
- 03.04

Aksdal kyrkje

- 27.03 Anna Lovise Birkeland
- 10.04 Nora Knutsen Tobias Mjølhus Frønsdal Synne Dahle Rullestad Sofie Rapista Rasmussen
- 24.04 Alexander Jacobsen Bjotveit Ruben Fjordbakk (Vår Frelsers kirke)
- 15.05 Pernille Mølstre Valen Emilie Wiik Alida Helgevold Kronborgsvinger Bjørnerud Sander Are Mæland

Bokn Kyrkje

- 17.01 Michelle Kallevik Våge
- 28.02 Kristian Øvrebø
- 13.03 Trine Lise Andersen

Tysvær Kyrkje

- 21.02 Amalie Baug
- 06.03 Ola Langø Slogvik
- 20.03 Celine Bringedal Guttormsen
- 27.03 Johan Møgedal Leth

- 17.04 Konrad Kornelius Hjelman Stangeland Lars Stråtveit Mørk
- 15.05 Theodor Nielsen Hervik Elias Gloppen Brekke

Nedstrand kyrkje

- 15.05 Aksel Breidablik Hustoft
- 22.05 Hannah Hovda Askvig

Skjoldastraumen kyrkje

- 17.04 Magne Dale Markus Olsen
- 15.05 Andreas Ørke

Vigde

Aksdal kyrkje

- 21.05 Karoline Dybdahl og Håvard Breggevik
- 21.05 Iselin Bøhn-Bore og Morten Hanssen

Bokn kyrkje

- 21.05 Randi Marie Berg og Kristoffer Joachim Are

Jordfesta

Tysvær kyrkje

- 10.02 Dag Einar Apeland
- 17.03 Louise Skjold
- 01.04 Solveig Magnhild Høyvik
- 14.04 Marta Johanna Øye Gurine Riise
- 19.04 Magnus Odland
- 10.05 Ola Annfinn Steinsvik

Aksdal kyrkje

- 15.04 Britt Børresen Nygaard

Førre kirke

- 01.03 Inge Olav Støve
- 30.03 Pauline Kallevik
- 13.04 Gunbjørg Margrete Tømmerås
- 20.04 Kristian Henrik Berg

Nedsetting av urne

- 29.04 Helge Martin Huse

Nedstrand kyrkje

- 16.03 Laila Silgjerd
- 05.04 Elise Kleiberg
- 08.04 Rasmus Amdal

Skjoldastraumen kyrkje

- 03.03 Odd Bjoland

Bokn kyrkje

- 04.05 Bertha Johanna Våge
- 20.05 Turid Hansen
- 24.05 Ingrid Ovidth

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/
52 75 88 60

Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no



ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Neste nummer kjem i postkassen
ca. 16. september

Frist for stoff til nr 3/2016:
26. august

Send reportasjar, informasjon,
møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

12. juni

Gudstjeneste kl. 11.00

19. juni

Gudstjeneste kl. 11.00

26. juni

Gudstjeneste på Borgøy kl. 13.00

03. juli

Gudstjeneste kl. 13.00

17. juli

Gudstjeneste kl. 11.00

31. juli

Gudstjeneste kl. 13.00

14. august

Gudstjeneste kl. 11.00

21. august

Gudstjeneste kl. 11.00

28. august

Misjonsgudstjeneste kl. 11.00

11. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

18. september

Ung Messe kl. 11.00

Førre kirke

04. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Tysvær kyrkje

12. juni

Gudstjeneste kl. 11.00

26. juni

Gudstjeneste kl. 13.00 på Borgøy

03. juli

Gudstjeneste kl. 11.00

24. juli

Gudstjeneste kl. 11.00

07. august

Gudstjeneste kl. 11.00

14. august

Jazzmesse kl. 19.00

28. august

Gudstjeneste kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon. 50 årskonf.

11. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Bokn kyrkje

26. juni

Gudstjeneste kl. 13.00 på Borgøy

10. juli

Gudstjeneste kl. 13.00

31. juli

Gudstjeneste kl. 11.00

21. august

Misjonsgudstjeneste kl. 11.00

04. september

Gudstjeneste kl. 11.00.

Konfirmantpresentasjon. 50 årskonf.

18. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Nedstrand kyrkje

19. juni

Friluftsgudstjeneste kl. 11.00 på Leiranger

26. juni

Speidargudstjeneste på Tveit vgs. kl. 18.00

17. juli

Gudstjeneste kl. 13.00

07. august

Gudstjeneste kl. 11.00

21. august

Gudstjeneste kl. 13.00

04. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

Skjoldastraumen kyrkje

19. juni

Friluftsgudstjeneste kl. 11.00 på Leiranger

26. juni

Gudstjeneste kl. 13.00 på Borgøy

10. juli

Gudstjeneste kl. 11.00

24. juli

Gudstjeneste kl. 13.00

21. august

Gudstjeneste kl. 11.00

28. august

Friluftsgudstjeneste kl. 11.00

11. september

Gudstjeneste kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

Preiketekstane - sommaren 2016

Søndag 12. juni

Søndag 19. juni

Søndag 26. juni

Søndag 3. juli

Søndag 10. juli

Søndag 17. juli

Søndag 24. juli

Søndag 31. juli

Søndag 7. august

Søndag 14. august

Søndag 21. august

Søndag 28. august

Søndag 4. september

Søndag 11. september

4. søndag i treenighetstiden

5. søndag i treenighetstiden

6. søndag i treenighetstiden

7. søndag i treenighetstiden

8. søndag i treenighetstiden

9. søndag i treenighetstiden

10. søndag i treenighetstiden

11. søndag i treenighetstiden

12. søndag i treenighetstiden

13. søndag i treenighetstiden

14. søndag i treenighetstiden

15. søndag i treenighetstiden

16. søndag i treenighetstiden

17. søndag i treenighetstiden

Matt 9,35-38

Matt 18,12-18

Mark 3,13-19

Mark 5,25-34

Mark 12,28-34

Luk 6,36-42

Mark 11,25-26

Joh 8,31-36

Joh 4,27-30.39-43

Joh 15,13-17

Matt 19,27-30

Joh 15,9-12

Matt 11,16-19

Mark 5,35-43